



Møteprotokoll for Kommunestyret i Radøy

Møtedato: 12.04.2018
Møtested: Kommunestyresalen
Møtetid: 18.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Morgan Taule	AP	Medlem
Torill Helland	AP	Medlem
Ann Christin Hoen	AP	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Vidar Grindheim	H	Medlem
Henning Haugland	H	Medlem
Roy Bø	FRP	Medlem
Wenche Linda Kalnes Tveranger	FRP	Medlem
Anne Berit Bø Palmesen	SP	Medlem
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Medlem
Leif Gunnar Taule	SP	Medlem
Martin Soltveit	SP	Medlem
Laila Seilfaldet Pletten	SP	Medlem
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Medlem
David Pletten Aasgard	KRF	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Christel Villanger Håland	H	Medlem
Normann Sæbø	H	Medlem
Silje Namtvedt	SP	Medlem
Dag Sætre	SP	Medlem
Ståle Villanger	V	Medlem
Frode Hervik	V	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
--------------------------	-------	------------------

Thomas Rikstad	H	Christel Villanger Håland - H
John Magne Bauge	H	Normann Sæbø - H
Elin Morken	SP	Silje Namtvedt - SP
Olav Steinar Namtvedt	SP	Dag Sætre - SP
Agnes Hoshovde Bernes	V	Frode Hervik - V
Jan Tore Hvidsten	V	Ståle Villanger - V

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmann Jarle Landås, kommunalsjef Olaf M. Hella i sak 10 og 11, økonomisjef Sveinung Kvamme i sak 09, møtesekretær Arthur Kleiveland

Orientering Alver kommune: Programansvarleg Ørjan Forthun Raknes orienterte om status og framdrift i arbeidet med Alver kommune.

Orientering Nordhordland Brann- og Redning: Programansvarleg i Alver kommune, Ørjan Forthun Raknes orienterte om arbeidet med interkommunalt brannsamarbeid gjennom Nordhordland Brann og Redning.

Saksliste

Saksnr	Tittel
009/2018	Meldingar og referatsaker
010/2018	Organisering av Frivilligsentralen
011/2018	Innføring av lærarnorm hausten 2018
012/2018	Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2017
013/2018	Kommunal garanti Aufera AS - oppgradering av anlegg
014/2018	Uttale til Kontaktutvalet for Nordhordlandspakken

009/2018: Meldingar og referatsaker

Behandling:

Arbeidet med Alver kommune - orientering: Programansvarleg for Alver kommune, Ørjan Forthun Raknes, gav kommunestyret ei grundig orientering om status og vidare framdrift i bygginga av Alver kommune. Programansvarleg sa at arbeidet er i god rute, men understreka at det er ein stor jobb som skal gjerast. Han gav ei innføring i organisasjonskartet og bygginga av ein organisasjon for å møte den politiske visjonen og bestillinga frå politisk nivå.

Rådmannen si toppleiargruppe i Alver kommune er på plass, og organisasjonen skal riggast i tre nivå med kommunalsjefar som får ansvar for kvar sin sektor; - oppvekst, - helse og omsorg, - teknisk drift og forvaltning.

På nivå 2 skal det rekrutterast ca 18 tenesteleiarar med ansvar for tenesteområda i dei ulike sektorane, og på nivå 3 blir det ca 90 avdelingsleiarar.

Programansvarleg understreka at det er viktig å rigga nivået med tenesteleiarane så snart som mogleg, for å koma igang med dei mange prosjekta som skal gjennomførast - nærare 100 i alt.

Ørjan Forthun Raknes peika og på utfordringar knytt til digitale løysingar og omlegging av system i samband med samanslåing av dei tre kommunane. Han sa at kostnadane i denne samanheng er betydelege. Samtidig ser han ein stor styrke i fagkompetansen til IKT Nordhordland.

Programansvarleg viste til at fleire tenesteområde vil "tjuvstarta" i Alver kommune, det gjeld mellom anna løn og rekneskap og barnevernet. Han nemnde også at landbrukskontoret kan vera eit eigna tenesteområde å etablera før Alver kommune er i drift.

Nordhordland Brann og redning: Programansvarleg Ørjan Forthun Raknes orienterte om arbeidet med Nordhordland Brann og Redning. Han sa at dagens korte og gode responstid blir ytterlegare styrka gjennom eit interkommunalt samarbeid. Han meiner det er sterke faglege grunnar til å inkludera Austrheim kommune i dette samarbeid - ikkje minst knytt til Mongstad, og utelukka heller ikkje at Gulen og Masfjorden kan bli ein del av samarbeidet.

Rekneskap 2017 - orientering: Økonomisjef Sveinung Kvamme gav ei førebels orientering om rekneskap 2017 for Radøy kommune. Netto driftsresultat for 2017 er 1,1 mill, dvs ca 1,2 mill betre enn budsjett – noko som svarar til 0,27% av driftsinntektene.

«Botnlina» syner kr 7.695.179, eller 1,77%, som er om lag 4,7 mill betre enn budsjett.

Økonomisjefen viste til at skatteinngangen både lokalt og på landsplan vart høgare enn budsjettet. For Radøy kommune vart skatteinngangen 119,9 mill. mot budsjettet 117,1 mill. (opprinneleg vedteke 115,3 mill.).

Rammetilskotet vart rundt to mill. høgare enn budsjettet, og samla meirinntekt for kommunen vart 4,9 mill. kroner i fjor.

Meir eigedomsskatt, ekstra inntekter frå vertskommunetilskot, havbruksfond og statstilskot flyktingar, utgjorde samla ca 2,9 mill. kroner.

Renteutgiftene vart 1,4 mill. lågare enn føreset, og renteinntekter av bankinnskot ca 425.000 kroner høgare.

Korrigert for bruk og avsetjing til bundne fond, viser den "reine" drifta om lag 6,5 mill. kroner - eller 1,5 prosent av driftsinntektene. Det meiner økonomisjefen må seiast å vera eit bra resultat - ikkje minst om ein tar omsyn til 1,2 mill. ekstra tilskot til ressurskrevjande brukarar som kjem i 2018, og midlar til breibandsutbygging på 1,6 mill som ikkje er inntekstsført - som ville gitt netto driftsresultat på 2,14 prosent.

Radøy kommune har eit bokført disposisjonsfond på 16,3 mill, som dersom resultatet i 2017 vert tilført, vil vera på ca 24 mill. kroner. Disposisjonsfondet er no for første gong større enn bokført premieavvik.

Årsmelding kontrollutvalet: Leiar i kontrollutvalet for Radøy kommune, Arild G. Tveranger, orienterte om utvalet sitt arbeid i 2017, og om aktuelle saker i forrige møte. Mellom anna meiner han det er nødvendig å følgja opp situasjonen ved Nordhordland legevakt, etter rapporten som vart lagt fram etter fylkesmannen sitt tilsyn.

Tveranger nemnte også situasjonen for Sambandet Vest. Styret i selskapet har vedteke å avvikla selskapet. Etter planen skal det gjennomførast selskapskontroll med selskapet.

Kenneth Taule Murberg (H), som er medlem i styret i Sambandet Vest, opplyste at det i fellesnemnda for Alver kommune vart drøfta ein måte å driva selskapet på i ei anna form. Han sa at selskapet som AS ikkje har fungert godt nok. Meland kommune skal i første omgang overta funksjonen som dagleg leiar for Sambandet Vest.

Kreftkoordinator: I tilknytning til årsrapport for kreftkoordinator i Lindås, Meland, Radøy, Fedje og Modalen, sa ordførar Jon Askeland at denne funksjonen har ei veldig viktig oppgåve for dei som blir ramma av kreft. Ordføraren kan tenkja seg ei orientering frå kreftkoordinatoren om arbeidet og situasjonen i Radøy.

Kommunestyret tok Meldingar og referatsaker vert til orientering.

Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.

010/2018: Organisering av Frivilligsentralen

Behandling:

Leif Taule (SP) sa at Frivilligsentralen har gjort - og gjer eit stort arbeid, særleg for dei eldre. Taule meiner likevel at sentralen må jobba for å nå nye målgrupper. Han viste til at fleirtals-koalisjonen etter valet har bede rådmannen følgja opp dette overfor Frivilligsentralen. Taule meiner det er viktig for politikarane og administrasjonen å koma i tettare dialog med Frivilligsentralen for nettopp å jobba mot ny målgrupper og rekruttera nye frivillige.

På vegne av SP/AP sette Taule fram følgjande tilleggsframlegg:

I retningslinene for Frivilligsentralen vert det sett inn at formannskapet vert årsmøte i sentralen.

David Pletten Aasgard (KRF) kunne ønskt at fellesnemnda for Alver kommune setja igang arbeidet med å laga nye retningslinjer og arbeidsoppgåver for frivilligsentralane.

Kenneth Taule Murberg (H) meiner at det vil vera betre å styrka politisk representasjon i styret i Frivilligsentralen, dersom intensjonen er betre politisk styring med sentralen.

I dag står det ikkje noko i retningslinene om kven som er årsmøte i Frivilligsentralen. Ordførar Jon Askeland meiner det kan vera krevjande å gjera store endringar i sentralen berre halvanna år før Alver kommune er i drift. Ordføraren peika på at årsmøtet i sentralen kan gje signal og forventningar. Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding, med tilleggsframlegget frå SP/AP sett fram i møtet.

Vedtak:

Arbeid med å endra organisasjons- og styringsstruktur for Frivilligsentralen i Radøy vert utsett og sett i samanheng med øvrige prosjekt i Alver kommune.

Formannskapet oppmodar Frivilligsentralen om å kartlegga behov for frivillige tenester/ønske om å bidra som frivillig, etablere uformelt samarbeid med andre aktørar, og inkludera nye målgrupper i sitt frivillige arbeid.

I retningslinene for Frivilligsentralen vert det sett inn at formannskapet vert årsmøte i sentralen.

011/2018: Innføring av lærarnorm hausten 2018

Behandling:

Kommunalsjef Olaf M. Hella orienterte om saka og sa at det vil vera veldig uheldig for Radøy-skulen om dei mister statlege tidleg innsats-midlar i samband med innføringa av lærarnorma. For skulane vil dette gje ein reduksjon på 0,4-0,5 årsverk, tilsvarande 374.000 kroner. Det vil slå mest ut for Manger og Sæbø.

Kommunalsjefen orienterte også om den planlagde pedagognorma og bemanningsnorma i barnehagen. Norma legg opp til at det skal vera minst ein pedagogisk leiar per 7 barn under tre år, og ein pedagogisk leiar per 14 barn over tre år. Kommunalsjefen peika på at det også vil få konsekvensar for Radøy. Han reiste spørsmål ved om pedagognorma, slik ho er skissert, vil føra til at kommunen må handtera som overtal - og i siste instans seia opp fast tilsette barne- og ungdomsarbeidarar for å innføra / møte krava i pedagognorma.

Fleire av dei som hadde ordet i saka viste til at den nye lærarnorma har fått ein utilsikta effekt. Ordførar Jon Askeland meiner det er nødvendig å seia i frå om konsekvensane av dette.

Ordføraren sette fram følgjande framlegg:

Kommunestyret er uroa over konsekvensane lærarnorma og tap av tidleg innsats-midlar har for Radøy-skulane. Kommunestyret ber formannskapet senda ein høyringsuttale til departementet.

Kommunestyret vedtok ordføraren sitt framlegg sett fram i møtet.

Vedtak:

Kommunestyret er uroa over konsekvensane lærarnorma og tap av tidleg innsats-midlar har for Radøy-skulane. Kommunestyret ber formannskapet senda ein høyringsuttale til departementet.

012/2018: Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2017

Behandling:

Kommunalsjef Olaf M. Hella orienterte om tilstandsrapporten for Radøy-skulane og svara på spørsmål. Han peika på ei positiv utvikling i læringsmiljø og at eit målretta arbeid for å få bukt med mobbing har gitt svært gode resultat. Samtidig er kommunalsjefen tydeleg på at Radøy-skulen har klare utfordringar, særleg er han uroa over lesekompetansen på 5. årstrinnet. Her er det sett inn grep for å få leseferdigheitene opp, noko som er grunnleggande viktig også for andre fag. Kommunalsjefen viste til at biblioteket er ein god medspelar i arbeidet med å styrka lesekompetansen.

Nasjonale prøvar viser generelt at for mange av elevane i skulane våre ligg på lågaste nivå i ulike fag. Spesielt er kommunalsjefen bekymra for gutane, som ligg for langt unna det nasjonale snittet for grunnskulepoeng - som gir grunnlag for inntak på vidaregåande skule. Kommunalsjefen seier det må jobbast hardt for at Radøy-elevane skal ha same profil som det nasjonale nivået.

Kommunalsjefen skisserte tiltak som blir gjennomført for å få ei god utvikling i skulen og viste til at ein kommunal plan er under utarbeiding for skule og barnehage - med brei forankring, innanfor lesing/språk og læringsmiljø. Ny rammeplan/læreplan blir også eit fokusområde. Kommunalsjefen set også klare og konkrete mål for arbeidet. Mellom anna skal 5. trinnet i 2020 ha mål om 50 poeng på nasjonale prøvar, og at utviklinga på nasjonale prøvar frå 5.-8. klasse skal følgja nasjonalt snitt. Innan 2022 skal ein løfta resultatet på grunnskulepoeng for gutane til 40 poeng i snitt.

Kommunestyret gav ros for ein fyldig og god tilstandsrapport og arbeidet med denne. Ordførar Jon Askeland viste til at kommunestyret har sagt at utviklingsarbeidet i Radøy-skulen skal vera på fagleg grunnlag og forskingsbasert, og sa seg godt tilfreds med dei tiltak som kommunalsjefen set inn.

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

Vedtak:

Formannskapet tek Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2017 til orientering.

013/2018: Kommunal garanti Aufera AS - oppgradering av anlegg

Behandling:

Ordførar Jon Askeland informerte om at styret i Aufera as har bede om at søknaden om kommunal garanti for lån blir utsett.

Ordføraren sette på denne bakgrunn fram følgjande framlegg til vedtak:

Saka vert trekt.

Kommunestyret vedtok framlegg sett fram i møtet.

Vedtak:

Saka vert trekt.

014/2018: Uttale til Kontaktutvalet for Nordhordlandspakken

Behandling:

Kenneth Taule Murberg (H) uttrykte skepsis til å ta stilling til denne saka utan ei drøfting i partiet i forkant. Han ba om at saka vart utsett, eventuelt oversendt formannskapet, og grunn gav standpunktet med at Høgre ønskjer ei anna løysing/trasé. Murberg meiner også dette er ei sak som burde vore behandla i fellesnemnda for Alver kommune, for å få ei solidarisk tilnærming i handsaminga av Nordhordlandspakken.

Ordføraren understreka at hovudbodskapan i det framlagde forslaget til uttale er «ikkje kutt i vegprosjektet på Radøy», og utfordra Statens vegvesen til å ta signala frå Vegdirektøren og Samferdselsdepartementet om å bygga meir veg for pengane.

Kenneth Taule Murberg (H) ba om gruppemøte for Høgre. Etter gruppemøtet sa Murberg at Høgre ville røysta for uttalen, på vilkår av at ordføraren tar ansvar for å løfta saka vidare til fellesnemnda for Alver kommune.

Ordførar Jon Askeland støtta tanken om å leggja saka fram for fellesnemnda.

Vidar Grindheim (H) ba om at uttalen vert formulert på ein måte som gjer at solidariteten i Nordhordlands-pakken vert ivaretatt.

Dette fekk tilslutning i kommunestyret.

Olav Steinar Namtvedt (SP) meiner det er på sin plass å gje uttale i denne saka, og meiner uttalen vil bli forsterka ved å stryka andre setning i punkt 6 i uttaleframlegget.

Namtvedt sette fram følgjande endringsframlegg:

Andre setning i punkt 6 i uttalen vert stroken.

Kommunestyret vedtok samrøystes uttale til Kontaktutvalet for Nordhordlandspakken, med endringar gjort i møtet.

Vedtak:

Til kontaktutvalet for Nordhordlandspakken

Uttale frå Radøy kommunestyre

Kommunestyret i Radøy er kjend med dei økonomiske utfordringane knytt til Nordhordlandspakken, og me har forståing for at kontaktutvalet må ta ansvar for både økonomi og gjennomføring av pakken.

Kommunestyret i Radøy vil likevel gje følgjande innspel til kontaktutvalet:

1. Prosjekt 1 FV 565 Marås –Soltveit må byggjast i planlagt lengd. Kommunestyret peikar på at ved oppdeling av Radøyprosjekta (som er regulert frå Tolleshaug til Soltveit med arm til Manger), så var det konkrete grunnar til at prosjektet vart delt ved Marås kryss. Dette dreiar seg først og fremst om vegstandard. Fv 565 sør for Marås tillèt stort sett at to bilar kan passera kvarandre. Nord for Soltveit er det nyare tofeltsveg. Men, både frå Soltveit og sørover, og Marås og nordover kjem ein rett til dei aller dårlegaste vegpartia med smal, svingete og trafikkfarleg veg. Kommunestyret bed difor om at vegprosjektet på FV 565 ikkje vert korta ned til byggjestart ved Kjeseth eller tømmervelteplassen nord for Kjeseth. NY FV 565 Marås –Soltveit erstattar noko av den aller dårlegaste vegen på Radøy, den er i tillegg gjennomfartsveg/ringveg i Nordhordland, så det er ei dårleg løysing å korta ned dette prosjektet.
2. Kommunestyret har merka seg at Regjeringa legg vekt på at det skal gjerast grep for å bygga meir veg for pengane (jfr Nye veger as). Kommunestyret er difor uroa over

signal om at lokal steinkvalitet ikkje held mål. Det er lokal stein som er nytta på FV 565 mellom Soltveit og Fosntraumen og på FV 565 Storheimstø –Tolleshaug. Så langt me kan sjå er ikkje desse plaga av setningskader, telehiv eller dreneringsvanskar. Kommunestyret oppmodar kontaktutvalet om å søkja fråvik frå vegboknormalane, og byggja mest mogleg veg **tilpassa** klimaforholda her.

3. Kommunestyret har merka seg at det vert diskutert å redusera kostnader ved at det ikkje vert bygd gang- og sykkelveg langs ny FV 565, og at eksisterande fylkesveg vert nytta til dette saman med lokaltrafikk. Kommunestyret i Radøy kan ikkje ta stilling til å gje klare råd i dette spørsmålet, då me ser argument både for og imot ei slik løysing. Men, me understrekar at dersom gang- og sykkelveg vert tatt ut av prosjektet, så må likevel grunneigarane sin tilkomst til areala sikrast, slik det er gjort avtale om i grunneigaravtalar.
4. Kommunestyret viser til saksutgreiinga for Stortinget i saka. Der står det at Nordhordlandspakken har 19 prosjekt, og at pakken har ein prioriteringsstruktur som gjer det mogleg å ta fleire grep for å styra pakken. Det vert også i KS2-arbeidet med pakken vist til at ved overskridingar kan det kuttast i prosjekt nedanfrå.
5. Kommunestyret ber kontaktutvalet gjera ei prinsipiell tilnærming til handtering av kostnadsoverskridingar i dei ulike prosjekta. Me meiner det vil vera uheldig dersom det vert valt prinsipielt ulike løysingar for korleis ein reduserer kostnader i dei ulike prosjekta.
6. Kommunestyret er som nemnt heilt imot at ny FV 565 får innkorting på strekkja mellom Marås – Soltveit. Kommunestyret meiner at ei innkorting vil endra trafikkmonsteret, og svekka inntektene i bomstasjonen på Radøy. Kommunestyret peikar også på at ei innkorting gjev store vanskar for gardsdrifta på Kjeseth. Kommunestyret kan ikkje godta at vegprosjektet øydelegg inntektsgrunnlaget for ein næringsdrivande i kommunen på denne måten etter at grunneigaravtale er inngått.

Kommunestyret meiner at Hordaland Fylkeskommune evt går inn med tilleggsløyving til Nordhordlandspakken og dermed sikrar at ny FV 565 på Radøy vert bygd mellom Marås og Soltveit.
